



# Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Kari Beate Mostad, 5557 2153

Vår dato  
22.03.2017  
Dykkar dato  
«REFDATO»

Vår referanse  
2017/3949 520  
Dykkar referanse  
«REF»

«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

## Høyring: endringar regionalt miljøtilskot (RMP) 2017

Fylkesmannen sender på høyring forslag til endringar for regionalt miljøtilskot (RMP) i Hordaland for 2017. Dei konkrete endringane gjeld tilskot til skjøtsel av kystlynghei og tiltak mot utslepp til luft.

Vi ber om merknadar til endringsforslaga. Kommenterarar på andre ordningar i RMP-tilskotet kan også gjevast i høyringssvaret, men det er ikkje planar om andre endringar i 2017.

**Høyringssvar sendast [fmhopostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmhopostmottak@fylkesmannen.no) innan 24.april 2017.**

### 1. Skjøtsel av kystlynghei

**Forskrift:** (endringa understreka)

#### § 11. Miljøtilskot til skjøtsel av kystlynghei

*Tilskotet kan løyvast til tradisjonell skjøtsel av kystlyngheiene og brenning av kystlynghei i samsvar med retningsliner fastsett av Fylkesmannen. Dei omsøkte areala må vere kartfesta på kart over kystlyngheiområda i Hordaland. Tilskot blir gitt pr. daa. Det er ein sats for tradisjonell skjøtsel av kystlynghei og ein sats for brenning av kystlynghei. Tilskota har ei øvre maksimal grense.*

**Bakgrunn:** Det er vanskeleg å vurdere kva som er god nok skjøtsel av kystlyngheia, og det er eit faktum at det vert brend for lite areal til å oppretthalde lyngheiene i fylket. Fylkesmannen ynskjer difor å endre tilskot til kystlynghei for å stimulere til meir aktiv skjøtsel for å oppretthalde kystlyngheiene og å sikre betre beiter i lyngheia. Tilskotet gjeld kystlyngheier som bli drifta på tradisjonelt vis. Det generelle skjøtselstilskotet vert redusert, medan eit tilskot for å stimulere til meir brenning vert innført.

Krava til skjøtsel av kystlynghei vert som før, men med eit tillegg om at det må ha vore utført brenning av eit visst omfang på areala dei siste ti åra for å ha rett på tilskot.

#### **Nytt minimumskrav til skjøtsel for å motta tilskot:**

- *Det må ha foregått brenning på noko av arealet i løpet av dei siste 10 åra (minimum 5% av arealet) for å oppfylle krav til skjøtselstilskot.*

*Om skjøtsel for øvrig, uendra:*

- *Med vinterbeite meiner ein beiting i vinterhalvåret september til februar. Det er ikkje krav om beiting heile døgnet, og beiting kan bli kombinert med inneføring. Det må likevel vere reell*

beiting i kystlyngheia. Full føring av sau inne og kort tid i lyngheia er ikkje definert som vinterbeiting.

- Ein kan berre få tilskot til areal der beitepresset er høgt nok. For gamalnorsk sau/villsau med utegangardrift kan ein maksimalt ha 40 daa per sau. Når beitepresset er lågare enn dette, det vil seie meir enn 40 daa per sau, kan ein ikkje få tilskot for noko av arealet.

Generelt: dersom det berre er gamal lyng, er kystlyngheia i ferd med å forsvinne og dårleg eigna som dyrefor. Slike areal skal ikkje ha tilskot. Det er ikkje krav om kva dyreslag som skal beite i kystlyngheia. Det skal vere god dyrevelferd og drifta skal vere i tråd med Mattilsynet sine tilrådingar.

#### **Tilråding ved brenning:**

- Tiltakshavar. Før brenning vert gjennomført skal lokalt brannvesen vere kontakta.
- Tiltakshavar bør gjennomføre ei risikovurdering av området som skal brennast, og innhenta naudsynt kompetanse.
- Brenninga skal gjennomførast på eigna tidspunkt i vinterhalvåret, og utanfor sesong for tidleg hekkande fuglar o.a. dyreliv som kan ta skade av brenninga

Aktuell vegleiting: [Informasjonsbrosjyre](#) om brenning frå Lyngheisenteret, [Gode råd for brenning](#)

**Ny generell:** Området skal ikkje jordarbeidast, planerast eller tilførast gjødsel, kalk, såfrø eller plantevernmidlar.

Førebels sats:

Kystlyngheie vinterbeiting: Kr 5 pr. daa, til maks 500 daa. (2500)

Brenning: 500 kr/daa – 20 000 toppavgrensing

Maks utbetaling pr. føretak : Kr 22 500

## **2. Tiltak mot utslepp til luft**

**Forskrifta:** (endringa understreka)

### **§ 21. Miljøtilskot til tiltak mot utslepp til luft**

*Det kan løyvast tilskot til spreieing av husdyrgjødsel i veksande kultur (eng) ved bruk av nedlegging med tilførselsslange. Tilskotet vert løyvd med ein sats pr. daa gjødsla eng ved nedlegging, og ein sats pr. daa ved bruk av tilførselsslange. All gjødsel skal spreiaast i vekstsesongen og før 10. august, og elles i samsvar med retningsliner fastsett av Fylkesmannen. Tilskotet har ei øvre maksimal grense.*

**Bakgrunn:** Endringane vert gjort for å tydeleggjere regelverket og å lette kommunane sin kontroll av ordninga.

Formålet med tilskotet er som før å hindre tap av næringsstoffar, redusere lukt og betre utnyttinga av gjødsla.

#### **Vilkår for tilskotet:**

- All husdyrgjødsel føretaket disponerer skal brukast i samsvar med gjødselvarforskrifta. (Forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav av 4.7.2003 951)
- Areal for miljøvennleg gjødsling skal vere kartfesta
- Tilskotet gjeld spreieing av husdyrgjødsel i veksande kultur, som her betyr eng.
- Gjødsla skal spreiaast på fulldyrka og overflatedyrka areal.
- **All** husdyrgjødsel tilført omsøkt areal må vere spreidd på miljøvennleg måte.

- *Minste spreiemengde på fulldyrka og overflatedyrka areal er 5 kg total-N pr. daa.*
- *Areala som får tilskot, må haustast eller beitast etter spreiring same år.*
- *Gjødsling på omsøkt areal skal spreiest i vekstsesongen og før 10. august.*

### **Krav til metode og areal**

*Det skal gjødslast ved bruk av nedleggingsutstyr/ stripe spreiar/blekksprut som legg gjødsla på bakken og med tilførselsslange. Det vert ikkje gitt tilskot ved bruk av tank/tankvogn på traktoren. Det blir ikkje gitt tilskot til bruk av DGI, nedlegging montert på vogn eller bladspreiar/kanon med slepeslange.*

### **Dokumentasjon/gjødslingsjournal**

*Søklar pliktar å føre logg over gjødsling med opplysningar om*

- 1. dato for gjødsling*
- 2. skifter som er gjødsla*
- 3. omtrentleg mengde spreidd gjødsl.*

*Tilskotet blir gjeve med ein sats pr. daa areal gjødsla ved nedlegging og ein tilleggssats pr. daa for bruk av tilførselsslange. Ved leigekøyring er det den som disponerer arealet som har rett på tilskot, og som har ansvar for at det vert ført gjødslingsjournal.*

### **Førebelse satsar:**

*Spreiring ved nedlegging: Kr 90 pr. daa*

*Spreiring ved bruk av tilførselsslange: Kr 60 pr. daa*

*Maks utbetaling pr. føretak: Kr 35 000*

Med helsing

Dirk Kohlmann  
ass. landbruksdirektør

Kari Beate Mostad  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*